

**Til medlemene i PMU Lindås:**

Ståle Juvik Hauge, Jørgen Herland, Gro Anita Høgquist, Ingrid Fjeldsbø, Karl Vågstøl, Bent Risøy, Malin Helene Knudsen, Vetlemøy Wergeland, Helge Brunborg, Andreas Dyngen.

Kopi:

Lindås kommune, byggesak v/ Tone Margrethe Berland Furustøl

**Gjeld: Brev sendt frå advokat Harris til PMU 21.01.2019 - SAK 16/1342 - 007/19**

Kvelden før forrige PMU-møte 22.01.2019 vart det sendt ut eit brev frå advokat Harris individuelt til samtlege medlemmer i PMU. Dette brevet var så fullt av grovt uriktig innhald at det er heilt påtrengjande for meg å kommentere og tilbakevise, for å forsikre meg om at usannheitene frå Harris/Eikevik ikkje feilaktig vert ståande som sanning for nokon.

Dette er for øvrig illustrerande for slik saksgangen har vore i heile denne saka. Medgått tid eg har måtta bruke på å tilbakevise alle feilpåstandar og uriktigheter i brev opp imot advokat Harris dreier seg i sum om så mange dagar og veker at det blir månader, og det har vore ei stor belastning.

I 2. avsnitt fordreier Harris innhaldet i eit tinglyst dokument. Harris skriv at Vegretten var i 1900 «hidtil 2 meter». Sitat frå tinglyst skøyte av 1901 er imidlertid: « som hidtil i 2 m bredde». Harris har her utelate det viktige og førande ordet «som», og altså prøvd å fordreie. Det riktige er at vegrett skal vere «som hidtil i 2 m bredde», jfr. vedlagt kopi av tinglyst original.

I 3. avsnitt påstår Harris at underteikna «bestridar innhaldet i en tinglyst rett», det er absolutt feil. Innhaldet i den tinglyste retten er altså «som hidtil 2 m», og dette bestrir eg sjølv sagt ikkje. Det eg bestrir er deira fordreining som vist ovafor.

I 4. avsnitt: Her vert for n'te gong Eikevik si grove sjølvtekt totalt fordreidd av Harris, sitat: «avskraping av torv» og «avdekking» av eit «underliggende veglegeme». Dette er grovt feil, det riktige er at Eikevik gjennom ulovleg sjølvtekt har konstruert noko som aldri har eksistert. Ein stikkveg som **alltid** kun har hatt 2 m bredde har E. gjennom omfattande graving og direkte forfalsking prøvd å oppkonstruere til at vegen opprinneleg skal ha vore 3 meter. Til det har han brukt si 18 tonns gravemaskin inne i 99/1 sitt tun ein heil dag då ingen var heime. Etterpå har han prøvd å få forfalskinga «dokumentert» som «underliggende/tidligere veglegeme», med andre ord konstruert eit bevis. På bakgrunn av dette «beviset» hevdar så Harris at det no ikkje lenger er trong for «vegutvidelse i kurve», som var eit krav frå Lindås kommune for å gje rammeløyve. Eit konstruert bevis og forfalsking laga ved kriminell sjølvtekt går Harris her god for!

99/4 sitt vedlikehaldsansvar er begrensa til(jfr. vedlegg) «102 meter fra hovedvej hjemover», dvs vedlikehaldsansvaret for 99/4 Eikevik opphører 100 meter *før* tunet.

I si grove sjølvtekt, som er politianmeld, har Eikevik i tillegg grave vekk og lurt unna store mengder jord frå 99/1, som han har deponert hjå seg sjølv og nektar å frigje. Poenget mitt er kort sagt at **alt** ved Eikevik si grove sjølvtekt er fordreidd og feilframstilt i Harris sitt brev til medlemene i PMU.

#### 5. (og siste) avsnitt:

Ingen ting i dette avsnittet medfører riktighet. T.d.: «Tiltakshaver har vært villig til å påta seg en betydelig merkostnad for å flytte vegen for å bli ferdig med saken». Ikkje noko ville ha gleda meg meir, men dette har eg aldri høyrte noko om før.

Og så til siste setning: «Grunnen til at partene ikke kom til enighet var at klager (bnr. 1) ikke ville delta med vederlag ..».

Dette er **absolutt** feil! 99/1 la for snart 2 år sidan fram for Eikevik ein svært økonomisk gunstig avtale for ein ny og 70 m kortare trase fram til hans nye tun. 99/1 påtok seg å opparbeide størstedelen av ny trase, som vil falle estetisk fint inn i terrenget og bli ein fin inngang til 99/4 sitt nye tun. Vegen vil heller ikkje få noko høg fylling, som Fanagro tidlegare feilaktig har anført. Denne vegavtalen gjekk i korthet ut på at Eikevik vil få gratis tilgang til 217 m ferdig opparbeida veg i 4 m bredde, mot at han sjølv opparbeider dei siste 43 meter fram til tunet i flatt lende. Vegen vert totalt 70 m kortare enn noverande, og langt meir funksjonell. Det er **Eikevik** som ikkje har signert denne avtalen, ellers hadde denne vegen kunna stått ferdig forlengst.

Eg orsakar bryderiet med dette brevet, men følte eg var nøydd å rette opp.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust

elektronisk brev, difor ingen underskrift